



Innkalling
av
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 31.08.2020
Møtestad: Alver rådhus, kantina
Møtetid: 12.30 - 15.30

Eventuelle forfall må meldast til Nora Gjerde epost: nora.gjerde@alver.kommune.no
Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
028/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/20	Godkjenning av møteprotokoll - 08.06.2020
030/20	Rammer for utarbeiding av retningsline ferie- og fritidsreise for personar med hjelpebehov
031/20	Rullering Anleggsstrategi for Alver 2020-2024
032/20	Forslag til detaljregulering med konsekvensutgreiing for Framo Flatøy AS - offentlig ettersyn og høyring
033/20	Val av representantar til Legat- og testamentstyre ved Meland sjukeheim
034/20	Utvida mandat - alternative plasseringar av omsorgsbustader pluss, Skarsvegen
035/20	Meldingar og orienteringar til RMNF - 31.08.2020

25. august 2020

Magne Bjørndal
møteleiar

Nora M. K. Gjerde
møtesekretær

Arkiv:

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato: 24.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
028/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2020

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv:

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato: 05.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
029/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

11.06.2020 Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.06.2020 1402699



Møteprotokoll

for

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 08.06.2020
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12.00 - 15.30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Reidar Knutsen	SAFO	Nestleiar
Svein Arne Vabø	SAFO	Medlem
Liv Erstad	FFO	Medlem
Magne Bjørndal	FFO	Utvalsleiar
Bente Orlen Westervik	FFO	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Konrad Risnes	SAFO	Settmedlem
Jannicke Helland	FFO	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Erling Jacobsen	FFO	Jannicke Helland

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg, John Fredrik Wallace-kyrkjeleg felleusråd, Kristin Nâmdal-leiar Plan og analyse, Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg, Silja Andvik Hoas-kommunikasjonsleiar i Alver, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
021/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/20	Godkjenning av møteprotokoll

- 023/20 Akson: Felles kommunal journal og heilskapleg samhandling
- 024/20 Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde- høyring
- 025/20 Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024
- 026/20 Meldingar og orienteringar til RMNF - 08.06.2020
- 027/20 Utviklingsplan for Vestland- høyringsuttale frå Alver kommune

021/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Behandling:

Endring rekkefølge saksliste: Sak 21, 22, 26 (punkt 1-3), 23, 25, 24, 27, 26 (punkt 4, 5 og 6).

Ellers ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 021/20 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

022/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Behandling:

Møteprotokoll frå møte - 27.04.2020 vert godkjent, samrøystes.

RMNF- 022/20 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte - 27.04.2020 er godkjent.

023/20: Akson: Felles kommunal journal og heilskapleg samhandling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune gir si tilslutning til målet om ein felles journal for kommunale helse-og omsorgstenester og løysingar for betre digital samhandling mellom alle verksemder som yter helsetenester. Det skal også leggas til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenesteområder.

Eldreråd 08.06.2020:

Behandling:

Kommunalsjef Leni Dale orienterte i saka og svara på spørsmål om aktuelle problemstillingar knytt til felles kommunal journal og heilskapleg samhandling. Eldrerådet har ingen merknader. Samrøystes.

ER- 021/20 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg

Framlegg frå Magne Bjørndal:

I tillegg til personvernomsyn, må det gjennom heile prosessen leggjast avgjerande vekt på universell utforming. Dette inneber t.d. at personar som nyttar talesyntese, forstøringsprogram eller leselist for punktskrift både kan nytta systemet når dei er pasientar og ønskjer innsyn, og som tilsette på stader der systemet er eit arbeidsverktøy.

Framlegget vart samrøystes vedteken.

RMNF- 023/20 Vedtak:

Uttale frå RMNF - 08.06.2020:

I tillegg til personvernomsyn, må det gjennom heile prosessen leggjast avgjerande vekt på universell utforming. Dette inneber t.d. at personar som nyttar talesyntese, forstøringsprogram eller leselist for punktskrift både kan nytta systemet når dei er pasientar og ønskjer innsyn, og som tilsette på stader der systemet er eit arbeidsverktøy.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:

Behandling:

Kommunalsjef Leni Dale orienterte i saka og svara på spørsmål.

Etter ei grundig drøfting vart det sett fram følgjande fellesframlegg som tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Helse- og omsorgsutvalet er oppteken av at

- Personvernomsynet vert svært strengt i nytt journalsystem
- journaleigar automatisk varslast via sms eller epost når nokon opnar journalen
- alle data skal lagrast fysisk i Norge

HO- 020/20 Vedtak:

Alver kommune gir si tilslutning til målet om ein felles journal for kommunale helse-og omsorgstenester og løysingar for betre digital samhandling mellom alle verksemder som yter helsetenester. Det skal også leggas til rette for betre digital samhandling med innbyggjar og andre kommunale og statlege tenesteområder.

Helse- og omsorgsutvalet er oppteken av at

- Personvernomsynet vert svært strengt i nytt journalsystem
- journaleigar automatisk varslast via sms eller epost når nokon opnar journalen
- alle data skal lagrast fysisk i Norge

024/20: Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde- høyring

Rådmannen **sitt** **framlegg** **til** **vedtak:**
Alver formannskap er positive til at det er utarbeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024. Innspel og merknader til høyringa av strategidokumentet er oppsummert i saksutgreiinga.

Alver formannskap 30.04.2020:

Behandling:

På vegne av samarbeidspartia SP, AP, KRF og H ved a.AA.Byrknes-KRF:

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020. Framlegget vart samrøystes vedteke

FO- 046/20 Vedtak:

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020.

Ungdomsråd 02.06.2020:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert L Hansen.
UR tenkjer at dette er spennande arbeid, og vil nytta tida fram til høyringsfristen 15. juni til å komma med eit innspel til strategidokumentet.

UR- 022/20 Vedtak:

UR kjem med innspel til strategidokumentet innan 15. juni.

Eldreråd 08.06.2020:

Behandling:

Leiar plan og analyse, Kristin Nåmdal, orienterte om strategidokumentet for Nordhordland Unesco biosfæreområde og svara på spørsmål frå medlemmane i rådet.

Leiar i rådet, Olav M. Steinsland, kom med følgjande tilleggsmerknad under Mål for biosfæreområdet og strategiar punkt b) natur, miljø og klima:

Det bør tydeleggjerast endå meir under kulepunkt 2 kor viktig verdien av biologisk mangfald er, spesielt med tanke på menneskeskapt inngrep i naturen, t.d. samferdsle, utbyggingsområder, industri, produksjon, oppdemning, vindkraft osv.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet. Utover det ingen merknader.

ER- 019/20 Vedtak:

Eldrerådet har følgjande merknad til Strategidokument for Nordhordland

Unesco biosfæreområde:

Mål for biosfæreområdet og strategiar punkt b) natur, miljø og klima:
Det bør tydeleggjerast endå meir under kulepunkt 2 kor viktig verdien av biologisk mangfald er, spesielt med tanke på menneskeskapt inngrep i naturen, t.d. samferdsle, utbyggingsområder, industri, produksjon, oppdemning, vindkraft osv.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Kristin Nåmdal- leiar Plan og analyse

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 024/20 Vedtak:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:

Behandling:

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg som uttale frå HO:
Helse- og omsorgsutvalet i Alver er positive til at det er utabeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024.
Høyringsinnspel:

- Vi utfordrar strategien til å ta inn eit overordna punkt som handlar om menneske i biosfæreområdet, på lik linje med dei andre samleoverskriftene. Helse og omsorgsutvalet er oppteken av å understreke at kvart enkelt menneske er unikt og verdifullt i sitt bidrag til samfunnet.
- Utvalet ber om at strategidokumentet er utfyllande på forkortingar
- Dokumentet bør klargjera korleis ein skal forstå bærekraft i det heile
- Strategidokumentet bør skrivast slik at alle menneske, uavhengig av livssituasjon og funksjonsevne, kjenner seg att.

Framlegg til uttale sett fram i møtet, vart samrøystes vedteke.

HO- 019/20 Vedtak:

Helse- og omsorgsutvalet i Alver er positive til at det er utabeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024.
Høyringsinnspel:

- Vi utfordrar strategien til å ta inn eit overordna punkt som handlar om menneske i biosfæreområdet, på lik linje med dei andre samleoverskriftene. Helse og omsorgsutvalet er oppteken av å understreke at kvart enkelt menneske er unikt og verdifullt i sitt bidrag til samfunnet.

- Utvalet ber om at strategidokumentet er utfyllende på forkortingar
- Dokumentet bør klargjera korleis ein skal forstå bærekraft i det heile
- Strategidokumentet bør skrivast slik at alle menneske, uavhengig av livssituasjon og funksjonsevne, kjenner seg att.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Biosfæreområde, foreslått av Christel Villanger Håland, Høgre

Strategien synleggjer viktige mål, tiltak og verdiar for ei bærekraftig utvikling som Alver kommune bør innarbeida i sine overordna planar. Det er viktig at strategien er kjent for både innbyggjarar og kommunen, slik at det kan verta eit verktøy for arbeidet med bærekraftig utvikling.

Det kan vera utfordrande at det ikkje følgjer pengar med prosjektet, men både kunnskap, kompetanse og andre verdiar kan vera like viktig som økonomiske midlar.

Fellesframlegg:

Strategien synleggjer viktige mål, tiltak og verdiar for ei bærekraftig utvikling som Alver kommune bør innarbeida i sine overordna planar. Det er viktig at strategien er kjent for både innbyggjarar og kommunen, slik at det kan verta eit verktøy for arbeidet med bærekraftig utvikling.

Det kan vera utfordrande at det ikkje følgjer pengar med prosjektet, men både kunnskap, kompetanse og andre verdiar kan vera like viktig som økonomiske midlar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 038/20 Vedtak:

Uttale frå OKK - 09.06.2020:

Strategien synleggjer viktige mål, tiltak og verdiar for ei bærekraftig utvikling som Alver kommune bør innarbeida i sine overordna planar. Det er viktig at strategien er kjent for både innbyggjarar og kommunen, slik at det kan verta eit verktøy for arbeidet med bærekraftig utvikling.

Det kan vera utfordrande at det ikkje følgjer pengar med prosjektet, men både kunnskap, kompetanse og andre verdiar kan vera like viktig som økonomiske midlar.

Utval for areal, plan og miljø 10.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 100/20 Vedtak:

Alver formannskap er positive til at det er utarbeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024. Innspel og merknader til høyringa av strategidokumentet er oppsummert i saksutgreiinga.

Utval for næringsutvikling og drift 10.06.2020:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande framlegg til uttale:

Utval for næringsutvikling og drift er positive til at det no vert laga eit strategidokument for Nordhordland Biosfæreområde og støttar seg på høyringsuttale i saksutgreiinga frå administrasjonen.

Utvalet vil peika på at berekraftig næringsutvikling handlar om meir enn det som er fokusert på i satsingsområde 4 i strategidokumentet. Eit sunt næringsliv i seg sjølv er ein motor for den økonomiske delen av berekraft, og mykje av næringslivet driv allereie si verksemd på ein berekraftig måte. Dette må takast med og vetkleggjast i det vidare arbeidet med biosfæreområdet.

Utvalet vil også understreka at berekraftig næringsutvikling er ein føresetnad for levande lokalsamfunn, og at dette såleis også høyrer heime under satsingsområde 1 i strategidokumentet, ikkje berre under satsingsområde 4.

Når det gjeld handlingsplanen, vil utvalet be om at det vert teke inn eit generelt punkt om nettverksbygging og kunnskapsdeling rundt biosfærestategien for næringslivet i regionen med vekt på korleis ein kan aktivera næringslivet i strategien. Dette er viktig for å sjå på korleis ein kan styrkja og vidareforedla det som fins av berekraftig næring i dag, og korleis ein kan dyrka fram nye idéar i og for næringslivet.

Vidare vil utvalet peika på viktigeita av at det er personar med god kompetanse på berekraftig næringsutvikling med i Biosfærerådet for å sikra eit heilskapsperspektiv for berekraft i rådet.

Framlegget frå Stian Lavik vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Framlegget frå Lavik fekk 6 røyster og vart vedteke mot ei røyst (Maya Riise;MDG)

ND- 035/20 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift er positive til at det no vert laga eit strategidokument for Nordhordland Biosfæreområde og støttar seg på høyringsuttale i saksutgreiinga frå administrasjonen.

Utvalet vil peika på at berekraftig næringsutvikling handlar om meir enn det som er fokusert på i satsingsområde 4 i strategidokumentet. Eit sunt næringsliv i seg sjølv er ein motor for den økonomiske delen av berekraft, og mykje av næringslivet driv allereie si verksemd på ein berekraftig måte. Dette må takast med og vetkleggjast i det vidare arbeidet med biosfæreområdet.

Utvalet vil også understreka at berekraftig næringsutvikling er ein føresetnad for levande lokalsamfunn, og at dette såleis også høyrer heime under satsingsområde 1 i strategidokumentet, ikkje berre under satsingsområde 4. Når det gjeld handlingsplanen, vil utvalet be om at det vert teke inn eit generelt punkt om nettverksbygging og kunnskapsdeling rundt biosfærestrategien for næringslivet i regionen med vekt på korleis ein kan aktivera næringslivet i strategien. Dette er viktig for å sjå på korleis ein kan styrkja og vidareforedla det som fins av berekraftig næring i dag, og korleis ein kan dyrka fram nye idéar i og for næringslivet.

Vidare vil utvalet peika på viktigheita av at det er personar med god kompetanse på berekraftig næringsutvikling med i Biosfærerådet for å sikra eit heilskapsperspektiv for berekraft i rådet.

025/20: Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune for 2020-2024 vert vedteken slik den ligg føre.

Eldreråd 08.06.2020:

Behandling:

Randi Iden sette fram følgjande endringsframlegg:

Det vert forbod mot alkoholsal på julafta.

Framlegget frå Randi Iden fekk 7 røyster (Randi Iden, Jostein Dale, Torhild S. Syslak, Reidun Taule, Sigurd Knudsen, Svein Hagesæter, Olav M. Steinsland, og vart vedteke mot 2 røyster (Kirsti Gjetle Floen og Einar Lygre)

ER- 020/20 Vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune for 2020-2024 vert vedteken slik den

ligg føre, med følgjande endring:
Det vert forbod mot alkohosal på julafta.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg

Framlegg frå Else Marie Dale-Krf:

I solidaritet med dei som har det vanskeleg som følgje av alkoholmisbruk, bør det ikkje vera høve til sal av alkohol på julaftan.
RMNF støttar dermed rådmannen sitt opphavlege framlegg på dette punktet.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster, mot 2 (Reidar Knudsen, Erling Jacobsen)

Framlegg frå Magne Bjørndal:

RMNF ønskjer at det før planen skal reviderast i 2024 vert kommunisert ei forventning til skjenkestadene om at lokala deira er tilgjengelege for alle.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 025/20 Vedtak:

Uttale frå RMNF - 08.06.2020:

I solidaritet med dei som har det vanskeleg som følgje av alkoholmisbruk, bør det ikkje vera høve til sal av alkohol på julaftan.
RMNF støttar dermed rådmannen sitt opphavlege framlegg på dette punktet.
RMNF ønskjer at det før planen skal reviderast i 2024 vert kommunisert ei forventning til skjenkestadene om at lokala deira er tilgjengelege for alle.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:

Behandling:

Else Marie Skartveit Dale (KRF) sette fram følgjande endringsframlegg:

Forslag i tråd med opprinneleg forslag frå rådmannen: Det vert ikkje tillate med alkohosal på julafta.

Framlegget frå Skartveit Dale fekk 4 røyster (Else Marie Skartveit Dale,KRF, Sølvi Knudsen,SP, Astrid Anne Fjeldstad,SP, Thore Helland,FNB), mot 4 røyster i mot (Ståle Hauge,AP, Kirsti Gjetle Floen,AP, Roy Bø,FRP, Hendrik Weber,Rødt).
Utvalsleiar Ståle Hauge si dobbelrøyst avgjorde at framlegget fall.

Utvalet røysta deretter over alkoholpolitisk plan i sin heilskap.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 021/20 Vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune for 2020-2024 vert vedteken slik den ligg føre.

026/20: Meldingar og orienteringar til RMNF - 08.06.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Skriv her»

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Behandling:

Orienteringar gjevne i møtet:

1. Retningslinjer for feriereiser for personar med hjelpebehov – status (tidlegare utsendt til rådet) v/Helge Kvam-Fagansvarleg Helse og omsorg Rådet ber medlemmene frå RMNF i referansegruppa (Bente Orlen Westervik og Svein Arne Vabø) ta med dei innspel som kom fram i møtet i det vidare arbeidet.
2. Slik jobbar vi med universell utforming på nett og sosiale medium – v/Silje Andvik Hoaas, kommunikasjonsleiar i Alver kommune
3. Smitteverntiltak/beredskap i koronatida – status v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg
4. Tilgjenge til kyrkjene i Alver og vedlikehaldsplanen rundt Alversund kyrkje v/John Fredrik Wallace, (sak utsett frå møte den 27.04.2020). Rådet ønskjer at trongen for universell utforming vert teke med i den vedlikehaldsplanen som no er under utarbeiding.
5. E-post frå Eileen Feste-kulturkonsulent i Alver v/Magne Bjørndal: Vi skal sette ned en arbeidsgruppe på navn på ny turløype på Manger. Frist for å komme med innspill er 10. juni. Vi tar sikte på å ha eit møte 11. juni kl 1400-1600. Vi ønsker at eldrerådet og Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne deltar i arbeidsgruppen. Vennligst gi meg tilbakemelding på hvem som kan møte samt tlf nr til vedkommende. Spørsmålet kom tidsnok til at det vart referert munnleg på RMNF sitt møte 8. juni. Det vart avklart at Else Marie

Skartveit Dale (41 45 19 80) truleg har høve til å delta 11. juni. Ho meinte samstundes at Konrad Risnes er endå meir veileigna som representant for rådet. Han var ikkje til stades, og det kunne difor ikkje avklarast om han kan eller vil. Else Marie lova å ta saka vidare.

6. Leiar i RMNF miinner og om fylkessamling for dei kommunale råda i Vestland fylkeskommune - 04.september og 02.oktober.

Saka vert teke til orientering, samrøystes

RMNF- 026/20 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

027/20: Utviklingsplan for Vestland- høyringsuttale frå Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er oppsummert i saksutgreiinga.

Eldreråd 08.06.2020:

Behandling:

Leiar plan og analyse, Kristin Nåmdal, orienterte om utviklingsplanen for Vestland. Ho peika på at regionale planar betyr noko for kommunane, og det er difor viktig at Alver er engasjert i regionale planprosessar og kjem med innspel.

Eldrerådet kom ikkje med merknader.

ER- 023/20 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader til Utviklingsplan for Vestland.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Kristin Nåmdal-leiar Plan og analyse

Framlegg frå Magne Bjørndal:

RMNF minner om at inkludering og universell utforming er perspektiv som må takast med i alt planarbeid i fylkeskommunen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 027/20 Vedtak:

Uttale frå RMNF - 08.06.2020:

RMNF minner om at inkludering og universell utforming er perspektiv som må takast med i alt planarbeid i fylkeskommunen.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:

Behandling:

Sølvi Knudsen (SP) sette fram følgjande endringsframlegg:

Utval for helse og omsorg tek rådmannen sitt høyringssvar til orientering.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg frå Knudsen.

HO- 023/20 Vedtak:

Utval for helse og omsorg tek rådmannen sitt høyringssvar til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 040/20 Vedtak:

Ingen merknader.

Utval for areal, plan og miljø 10.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke - 8 røyster (H,Sp, Fnb, Ap, Krf)

APM- 102/20 Vedtak:

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-20024 er oppsummert i saksutgreiinga.

Utval for næringutvikling og drift 10.06.2020:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande framlegg:

Utvalet sluttar seg til administrasjonen si høyringsuttale og vil i tillegg peika på viktigheita av god medverknad for kommunane i det vidare planarbeidet.

Framlegget frå Stian Lavik vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utvalet vedtok samrøystes Lavik sitt framlegg.

ND- 037/20 Vedtak:

Utvalet sluttar seg til administrasjonen si høyringsuttale og vil i tillegg peika på viktigheita av god medverknad for kommunane i det vidare planarbeidet.

Arkiv: FA-G00
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 19.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
028/20	Eldreråd	31.08.2020
030/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2020
028/20	Ungdomsråd	26.08.2020
028/20	Utval for helse og omsorg	01.09.2020

**Rammer for utarbeiding av retningsline ferie- og fritidsreise for personar med hjelpebehov
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for helse og omsorg godkjenner følgjande rammer for utarbeiding av retningsline for ferie- og fritidsreiser for personar med hjelpebehov:

1. Etablering av retningsline skal ha ein prøveperiode på 2 år (2021-2022), og det skal utformast ei evaluering.
 2. Målgruppe og praktiske rammer jamfør tilråding frå prosjektgruppa punkt 8.1 (vedlegg)
 3. Arbeidsmiljø og arbeidstidsordning jamfør tilråding frå prosjektgruppa punkt 8.2 (vedlegg)
 4. Økonomi
 - a. Alver kommune skal ikkje ha meirkostnader til drift ved etablering av retningslina i prøveperioden.
 - b. Alver kommune skal ikkje ha «kommunalt feriefond» ved etablering av retningslina i prøveperioden.
 - c. Alle kommunale meirkostnader (løn, døgntillegg, diett, reise og opphald) skal dekkast av brukar jamfør sjølvkostprinsipp i prøveperioden.
 - d. Alver kommune dekker kostnad til sakshandsaming og administrering av ordninga i prøveperioden.
-
1. Framlegg til retningsline skal vedtakast av kommunestyret

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsråd. Saka skal avgjerast i Utval for helse og omsorg.

Bakgrunn

Praktisering av tilbod om ferie- og fritidsreise for aktuell målgruppe har vore noko ulik i dei tidlegare kommunane Radøy, Meland og Lindås. Alver kommune ønskjer no å utarbeide ei samordna retningsline for ferie- og fritidsreise for personar med hjelpebehov (nedsett fysisk og/eller psykisk funksjonsevne).

Rådmann v/administrativ styringsgruppe godkjente mandat for prosjektgruppe den 12.02.20 (vedlegg). Prosjektgruppa har nytta referansegruppe for vurdering og innspel i arbeidet. Skriftlege innspel frå referansegruppa ligg som vedlegg.

Mandat for prosjektgruppe legg opp til at arbeidet skal ha to fasar:

Fase 1 – utarbeide framlegg til rammer for retningsline. Dette inneber tema knytta til målgruppe, praktiske rammer, arbeidsmiljø og arbeidstidsordning samt økonomi.

Fase 2 – utarbeide konkret retningsline med grunnlag i rammer.

Prosjektgruppa har levert si tilråding for rammer datert 18.08.20 (vedlegg).

Saksopplysninger:

Rådmann vurderer at prosjektgruppa har levert eit dokument med tilråding som synleggjer aktuelle tema som er naudsynt å få belyst. Ein vil ikkje gjennta dei ulike tema i saksutgreiing her, men peike på nokre moment som ligg til grunn for framlegg til vedtak.

Alver kommune skal yte tenester til innbyggjarane tufta på lov og forskrift. Tema knytta til ferie- og fritidsreise for menneske med ulike hjelpebehov, og her særskilt relatert til nedsett funksjonsevne (fysisk og/eller psykisk) utfordrar kommunane. Det ligg per tid ikkje føre lovgrunnlag som pliktar kommunane å etablere ei slik ordning, og heller ikkje økonomiske vilkår som støtter opp om dekking av kommunale meirkostnader. Dei kommunale meirkostandane må per tid vurderast som krav til eigenebetaling hjå aktuell brukar etter sjølvkostprinsipp.

Samstundes ønskjer kommunen å bidra til at formål med aktuelle lovkrav innan helse og omsorg i størst mogleg grad vert ivarettatt med omsyn til menneskeverd, autonomi, normalisering og livskvalitet. Dette gjeld og i høve til tema om bistand til ferie- og fritidsreise.

Ferie- og fritidsreise vert her definert som «aktivitet, opplevelse eller reiser med overnatting, der hensikten er å få eit avbrekk frå dagliglivets gjeremål og andre fritidsaktivitetar». Det er føremålstenleg å skilje mellom ferie- og fritidsreise og anna naudsynt tur med overnatting. Overnattingsreiser som til dømes er knytta til dåp, gravferd, bryllup og sjukdom i nær familie vil kommunen kunne legge til rette for uavhengig rammevilkår for retningsline her.

I tilråding for rammevilkår ved etablering av retningsline skiller ein mellom to ulike nivå relatert til kven som har ansvar for organisering, planlegging, gjennomføring og målgruppe. Rådmann støttar at ei kommunal retningsline primært skal rettast mot målgruppe som har dokumentert trong for bistand frå kjent kommunal ledsagar/følgjeperson kombinert med at kommunen har medansvar for planlegging og gjennomføring i samråd med brukar.

Turar i privat regi og/eller der andre aktørar har ansvar for planlegging og gjennomføring samt at ein kan gjennomføre tur med bistand frå ledsagar/følgjeperson som ikkje er kommunal tilsett vert difor ikkje del av retningsline. Her kan ein eventuelt nytte andre ordningar som til dømes legat eller tilskot. Et aktuelt døme er tilskotsordning v/Ramber legat.

Rådmann støttar at det vert arbeida vidare med konkret retningsline jamfør prosjektgruppa si tilråding punkt 8.1 Målgruppe og praktiske rammer. Det er mellom anna viktig at det er likeverdig tilgang til å nytte ei slik ordning med bistand frå kjent kommunalt personell uavhengig den einskilde sin diagnose- eller alder.

Vidare støttar rådmann prosjektgruppa si tilråding jamfør punkt 8.2 Arbeidsmiljø og arbeidstidsordning. Kommunalt personell som ønskjer (frivillig) å ta del i ordninga skal ha like arbeidsvilkår etter gjeldande lov og godkjent avtale uavhengig plassering i organisasjonen

(tenesteområde/avdeling).

Tema knytta til økonomi er ei utfordring. Alver kommune er i ein økonomisk situasjon der ein ikkje kan auke kostandsnivå utan at ny kostnad er relatert til lovkrav og må prioriterast. Kommunen er ikkje pliktig å dekke kommunal meirkostnad ved etablering av ordning med ferie- og fritidsreise for målgruppa.

Rådmann kan per no ikkje støtte etablering av ei ny ordning som har økonomiske konsekvensar for kommunen. Dette gjeld både meirkostnad relatert til drift samt mogleg etablering av fond. Rådmann støtter imidlertid at ein utarbeider retningsliner med ei prøvetid på to år (2021-2022), og vil kome tilbake til tema om økonomi jamfør evaluering av prøveperioden.

All kommunal meirkostnad ved etablering av ordninga må difor i prøveperioden betalast av brukar jamfør prinsipp om sjølvkost. Imidlertid støttar rådmann at ressursbruk knytta til administrering og sakshandsaming av ordninga vert dekkja av kommunen i prøveperioden.

I tilrådinga frå prosjektgruppa har ein synleggjort nokre dømer på meirkostnad. Det vil vere variasjonar på kostnadsnivå for den einskilde, og for nokre i målgruppa vil kostnadsnivå for gjennomføring av ferie- og fritidsreise vere høge. Her vil kommunen kunne bistå den einskilde eller grupper med å søke mogleg finansiering via andre eksterne tilskotsordningar.

Vedlegg i saken:

14.08.2020	Mandat - Feriereiser for personar med hjelpebehov	1430212
19.08.2020	Skriftlege innspel frå referansegruppe – rammer for retningsline ferie og fritidsreise	1432479
19.08.2020	Tilråding frå prosjektgruppa 18.08.2020	1432581

Arkiv: FE-140, FA-D11
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 24.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
030/20	Eldreråd	31.08.2020
	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	
	Ungdomsråd	
	Alver kommunestyre	
031/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2020

Rullering Anleggsstrategi for Alver 2020-2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner rulleringa av Anleggsstrategien for 2021, slik ho ligg føre i vurderinga.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdomsrådet.

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret.

Bakgrunn

Alver kommunestyre godkjente i KS-045/19 Anleggsstrategi for Alver 2020-2024. Anleggsstrategien er utarbeidd som del av bygginga av nye Alver kommune. Arbeidet har vore organisert som eit fagprosjekt med administrativ styring, og er ei samordning og vidareføring av idrettsplanane for dei tre gamle kommunane. Strategien gjeld fram til ny kommunedelplan for feltet er ferdig handsama.

Saksopplysningar

Rulleringa er ei oppdatering etter faktisk tilhøve gjeldande anleggsutviklinga og forventa spelemiddelsøknadar fram til 2024. Tiltaka i handlingsplanen er forankra i dei gamle idrettsplanane i dei tre tidlegare kommunane, samt mindre oppdateringar i arbeidet med anleggsstrategien. Gjennomførte tiltak, som har fått utbetalt spelemidlar, er teke ut av handlingsplanen. Alver idrettsråd har fått rulleringa til uttale, jf. Samarbeidsavtalen.

Vurdering

Følgjande er Alver kommune si prioritering for ordinære anlegg og friluftslivsanlegg for 2021

P ri	Anlegg	Stad	Tiltaks-havar	Søknad s-sum	1. søkna ds-år	Merknad
1	Driving range, oppgradering, takoverbygg	Meland Golf og Naturpark, Fløksand	Meland golf	700 000	2019	Ferdigstilt

	med øvingsområde					
2	Garderobebygg	Austmarka	Radøy Idrettslag	1 827 000	2019	Under bygging
3	200 meter riflebane med støydempa standplassbygg	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag	765 000	2019	Under bygging
4	15 meter miniatyrbane	Seim	Seim skyttarlag	1 800 000	2019	Planlegging
5	Knarvik Arena – fleirbrukshall	Knarvik	Alver kommune	12 400 000	2018	Ferdigstilt/ del-utbetalt (2 000 000)
6	Kunstgrasbane III, med halloverbygg, garderobar + lager	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	5 000 000+ 1 000 000	2020	Ferdigstilt
7	Rehabilitering av grasbane	Hordabø	Hordabø IL	135 000	2020	Under bygging
8	Hus for drift og materiell	Hordabø	Hordabø IL	848 000	2020	Under bygging
9	Kunstgrasbane I, rehabilitering og lysanlegg	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	2 360 000	2020	Ferdigstilt
10	Standplass	Lindås	Lindås skyttarlag		2021-2024	Planlegging
11	Klubbhus	Lindås	Lindås skyttarlag		2021-2024	Planlegging
12	Garderobar/klubb-hus	Grønålen, Manger	Radøy fotball-klubb		2021-2024	Planlegging
13	Rehabilitering kunstgrasbane 11'ar	Knarvik stadion	Alver kommune		2021-2024	Planlegging
14	Kunstgrasbane 9'ar	Leirdalen	Nordre Holsnøy IL		2021	Under bygging
15	Basishall /turn	Alversund	Alver kommune	4 000 000	2020	Under bygging
16	Fleirbrukshall	Alversund	Alver kommune	10 500 000	2020	Under bygging
17	Turpadling brygge	Vikebø	Alver kommune	60 000	2020	Ferdigstilt
18	Lyssett turveg	Manger	Alver kommune		2021	Ferdigstilt
19	Lyssett turveg	Fosse/Langeland	Alver kommune		2021	Planlegging
20	Tursti, tilrettelegging	Solend	Alver kommune		2021	Planlegging
21	Klubbhus	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag	1 705 000	2020	Planlegging
22	Rehabilitering basseng og bygningsmasse	Radøy-hallen	Alver kommune	283 000	2020	Under bygging
23	Turløype, merking	Kvalvåg-nes	Alver kommune		2021	Planlegging

2 4	Lyssett turløype	Håøy	Alver kommune		2021	Planleggin g
2 5	Sti	Håøy	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
2 6	Dagsturhytte BOF	Håøy	Alver kommune		2021	Planleggin g
2 7	Gapahuk	Håøy	Alver kommune		2021	Planleggin g
2 8	Turpadleanlegg	Håøy	Alver kommune		2021	Planleggin g
2 9	Andre friluftsanlegg	Samordna	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
3 0	Buldreanlegg	Knarvik Arena	Alver kommune	300 000	2020	Ferdigstilt
3 1	Aktivitetssal	Sagstad skule	Alver kommune	1 049 000	2020	Ferdigstilt
3 2	Dagsturhytte	tidlegare Meland	Alver kommune		2021	Planleggin g
3 3	Dagsturhytte	tidlegare Radøy	Alver kommune		2021	Planleggin g
3 4	Dagsturhytte	tidlegare Lindås	Alver kommune		2021	Planleggin g
	Div. anlegg	Meland golf	Meland golf		2021- 2024	Planleggin g
	Fleirbruksanlegg	Kvernhus-vika	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Fleirbruksanlegg	Litlevågen	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Turkart/kort padling	Lindås	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Turkart/kort padling	Hestdal	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Tilrettelegging sti/skjerpatrapp	Eldsfjellet	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Tilrettelegging sti/boardwalk	Byngja	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Merking	Leirvik	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Sjøsportsanlegg	Flatøy	Fleire		2021- 2024	Planleggin g
	Skytebane innandørs	Espetveit	Meland skyttarlag		2021- 2024	Planleggin g
	Turkart/aktivitets kart	Frekhaug	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Fleirbrukshall/basi shall	Fossemyra Idretts-anlegg, Frekhaug	IL Kvernbit/Mel and aktiv		2021- 2024	Planleggin g
	Fleirbrukshall/basi shall	Frekhaug	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Symjebasseng, skule	Frekhaug	Alver kommune		2021- 2024	Planleggin g
	Permanent feltpistolnlegg	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		2021- 2024	Planleggin g
	Klubbhus	Hordabø	Hordabø IL		2021- 2024	Planleggin g
	Symje/badeanl	Knarvik	Alver		2021-	Planleggin

egg Fleirbruksanlegg	Ostereidet	kommune Alver kommune		2024 Langti ds- plan	g
Kunstgrasbane II	Leirdalen	Alver kommune		Langti ds- plan	
Løpebane utviding	Leirdalen	Alver kommune		Langti ds- plan	
Lyssett turveg	Vikebø/ Skintveit	Alver kommune		Langti ds- plan	
Ulike anlegg	Fossemyra Idretts-anlegg	IL Kvernbit		Langti ds- plan	
Klatrehall	Hordabø-hallen	Alver kommune		Langti ds- plan	
Friddrettsanlegg	Hordabø	Alver kommune		Langti ds- plan	
Minianlegg for friidrett	Grønålen	Alver kommune		Langti ds- plan	
Klatrevegg	Radøy-hallen	Alver kommune		Langti ds- plan	
Lager i knytt til fotballbane	Skogen Sletta	Radøy fotball-klubb		Langti ds- plan	
50 meter miniatyrbane med støydempa standplassbygg	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		Langti ds- plan	
50 meter miniatyr viltmålbane	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		Langti ds- plan	
Leirduebane jegertrap med støydempa standplass	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		Langti ds- plan	
Kompakt sportingbane for leirduemed overbygd standplass	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		Langti ds- plan	
Permanent løype for jaktfeltskyting med fleksible standplassar	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		Langti ds- plan	
Viltmål/elgban e med støydempa standplassar	Stokke-dalen	Radøy skyttarlag		Langti ds- plan	

	Lyssett turveg	Lindås	Alver kommune		Langtidsplan	
	Turpadleanlegg	Lindås	Alver kommune		Langtidsplan	
	Lyssett turveg	Seim	Alver kommune		Langtidsplan	
	Lyssett turveg	Alversund	Alver kommune		Langtidsplan	
	Lyssett turveg	Ostereidet	Alver kommune		Langtidsplan	
	Symjebasseng	Alversund	Alver kommune		Langtidsplan	
	Rehabilitering friidrettsbane	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	
	Idrettshus Knarvik	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	
	Rehabilitering kunstgras	Ostereidet	Alver kommune		Langtidsplan	
	Kunstgrasbane III	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	
	Kunstgrasbane	Alversund	Alver kommune		Langtidsplan	
	Kasteanlegg	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	
	Rehabilitering kunstgras 7'ar	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	
	Ishall	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	

Følgjande er Alver kommune si prioritering for nærmiljøanlegg

Pri .	Anlegg	Stad	Tiltaks-havar	Søknads-sum	1.søknads-år	Merknad
1	BMX-bane	Alversund skule	Alver kommune	300 000	2020	Under bygging
2	Bordtennisbord	Alversund skule	Alver kommune	45 000	2020	Under bygging
3	Ballbinge	Sæbø skule	Alver kommune	110 000	2020	
4	Aktivitets-område	Austebygd skule	Alver kommune	169 000	2020	Ferdigstilt
5	Hinderløype	Leiknes skule	Alver kommune	300 000	2020	Planlegging

6	Sykkelbane	Leiknes skule	Alver kommune	300 000	2020	Planlegging
7	Fleiraktivitets-område	Eikanger skule	Alver kommune	46 000	2020	Planlegging
8	Klatrevegg	Eikanger skule	Alver kommune	76 000	2020	Planlegging
9	Aktivitets-område	Alversund skule	Alver kommune	266 000	2020	Underbygging
10	Ballbinge – rehabilitering	Hella	Hella velforening		2021	Planlegging
11	Baderampe	Nesvatnet	BOF		2021	Ferdigstilt
12	Minibane kunstgras	Grønålen	Manger Idrettslag		2021	Ferdigstilt
13	Pumptrack	Grønålen	Manger Idrettslag		2021	Ferdigstilt
14	Buldrestein	Grønålen	Manger Idrettslag		2021	Ferdigstilt
15	Utandørs trenings-apparat	Grønålen	Manger Idrettslag		2021	Ferdigstilt
16	Lysanlegg aktivitets-område	Grønålen	Manger Idrettslag		2021	Ferdigstilt
17	Ballbinge	Mjåtveitmarka	Mjåtveitmarka velforening		2021-2024	Planlegging
18	Ballbinge rehabilitering	Heiane	Heiane velforening		2021-2024	Planlegging
19	Tursti Manger-Tusenårsstaden -Nøttveitveten-Nøttveit	Manger etc.	Alver kommune		2021-2024	Planlegging
20	Aktivitetsanlegg nærsentra	Samordna	Alver kommune		2021-2024	
21	Uteområde skule og nærmiljø	Samordna	Alver kommune		2021-2024	
22	Friluftsanlegg	Samordna	Alver kommune		2021-2024	
23	Aktivitetsflate	Fossemyra			2021-2024	
24	Ballbinge	Toska			2021-2024	
25	BMX-bane	Hordabø			2021-2024	
26	Ballbane rehabilitering	Kvamsvågen			2021-2024	
27	Ballbinge	Hindenes			2021-2024	
28	Frisbeegolf	Halte-johansvika	Frekhaug disk-golf-klubb		2021-2024	
	Aktivitetspark	Knarvik	Alver kommune		Langtidsplan	
	Nærmiljøanlegg ulike	Hope	Alver kommune		Langtidsplan	
	Trekanten	Lindås			Langtidsplan	

sykkelløype Vassuttak	Lindås	Alver kommune	n Langtidspla n
Klatreanlegg	Ryland	Alver kommune	Langtidspla n
Orienteringskar t	Meland	Alver kommune	Langtidspla n
Ballbaner rehabilitering	Samornda	Alver kommune	Langtidspla n
Frisbeegolf	Manger	Alver kommune	Langtidspla n

Tildelte spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i 2020 for Alver kommune

Ordinære anlegg 2020

Søkjær	Søknad	Tilråding
Nordhordland pistolklubb	Skytebane Stokkedalen, Pistol feltanlegg	690 000
Alver kommune	Radøyhallen fleirbrukshall, rehabilitering	1 308 000
Alver kommune	Nesvatnet nærmiljøanlegg, toalett	149 000
Alver kommune	Nordhordlandshallen, fotballhall	600 000
Alver kommune	Knarvik Arena, klatrehall	3 000 000
Alver kommune	Nordhordlandshallen, delanlegg friidrett	276 000
Alver kommune	Knarvik Arena	2 000 000
		8 023 000

Nærmiljøanlegg 2020

Søkjær	Søknad	Tilråding
Alver kommune	Knarvik barneskule, streetbasket	289 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, skating og sykling	300 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, lysanlegg skate- og sykkelområde	53 000
Alver kommune	Knarvik barneskule, lysanlegg nærmiljø vestsida	300 000
Alver kommune	Frekhaug torg, aktivitetsområde	300 000
Alver kommune	Meieriparken	266 000
Alver kommune	Sagstad skule, parkour/klatring/trimpark	89 000
Alver kommune	Sagstad skule, fleirbruksanlegg	241 000
Alver kommune	Alversund, minibane multisport	300 000
Alver kommune	Alversund skule, tursti	600 000
		2 738 000

Oppsummering innspel til rullering av idrettsplan

Frå	Innspel	Kommentar
-----	---------	-----------

Nordhordland karateklubb	Kampsportlokale	Rom til bruk for kampsport er bygd i Knarvik Arena. Spelemiddelsøknad ligg fortsatt i rulleringslista fordi den er delutbetalt.
Radøy skyttarlag	Manglande klubbhus	Sende inn innspel om manglande klubbhus i lista, men fekk svar frå idrettsrådet med at den ligg inne i lista med eit anna namn på lokalet.
IL Kvernbit	- Sjøsportanlegg i Skitnedalsvika - Hallkapasitet	Begge ligg i plan for ordinære anlegg. Avhengig av reguleringsplan for Midtmarka og Rotemyra.
FIL-AKS 77	Div. innspel	Ingen av tiltak er tatt inn i planen. Hovudsakleg fordi dei med den informasjonen me har no ikkje er kan få tilskot. Nokre av innspela er likevel i prosess i regi av FIL-AKS 77. Dette gjeld styrkerom og lysanlegg på kastebana.
Nordhordland turlag	Dagsturhytter, parkering, kart og skilting.	Kart og skilting er tatt inn på diverse stader med Alver kommune som tiltakshavar. Parkeringsplasser må inn den generelle delen idrettsplanen når denne skal lagast.
Nordhordland seilforening	Sjøsportanlegg for ikkje-motorisert sjøsport i Flatøyosen	Avhengig av reguleringsplan for Midtmarka og Rotemyra.
Nordhordland skeiseklubb	Skeisehall	Ligg i lista for ordinære anlegg
Nordhordland ballklubb	Rehabilitering av kunstgrasdekke	Er tatt inn i lista for ordinære anlegg. Sjå også tilstandsrapport frå NFF Hordaland (fotballkretsen).
Alver Idrettsråd	- Innspel om å prioritere rehabilitering/oppgradering av anlegga på Knarvik stadion. - Avklaring anlegg Manger idrettslag - Ber om oppfølging av kampsportromsak for å finne løysning. - Støtter nye anlegg Meland golf, Nordre Holsnøy.	- Kunstgras 11' ar på Knarvik stadion er lagt inn i planen. -Anlegga til Manger idrettslag er definert som nærmiljøanlegg. - Er under oppfølging. - Anlegga i Leirdalen og Meland golf er lagt inn i planen.

Nordre Holsnøy IL	9'ar bane kunstgras	Lagt inn i planen.
-------------------	---------------------	--------------------

Vedlegg i saken:

24.08.2020	VS: Rehabilitering Leirdalen	1434449
24.08.2020	VS: Alver idrettsråd - referat frå styremøte 18.06.2020	1434450
24.08.2020	Innspill Anleggsplan Knarvik stadion	1434451
11.08.2020	Ekstrainnspill - Høringsinnspill Anleggsplanen Alver kommune	1429007
11.08.2020	Tilstandsrapport Knarvik kunstgress	1428710
22.06.2020	Rullering idrettspalan Alver kommune innspel	1409879
22.06.2020	Innspel - Rullering anleggsstrategi for Alver	1409849
22.06.2020	Innspel fra NT til Alver kommune reullering idrettsplanar mai 2019	1409844
19.06.2020	AKS 77 Innspill vedrørende Knarvik idrettspark - Anleggsstrategi 2020	1408759
19.06.2020	Annleggstrategi	1408747
15.06.2020	Rettelse av innspel til rullering Anleggstrategi for Alver	1406101
15.06.2020	Innspel til rullering anleggstrategi	1406079
11.06.2020	Svar frå idrettsrådet - Rullering anleggstrategi for Alver	1404682
10.06.2020	Rullering anleggsstrategi for Alver - innspel	1403615
20.05.2020	Innspel til anleggsstrategi for Alver kommune 2020-24	1395042

PlanID-
125620180004,
Plannavn-
Arkiv: Detaljregulering for
Framo Flatøy AS,
Komnr-4631, GBNR-
1/57, FA-L13

JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 27.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
098/20	Utval for areal, plan og miljø	10.06.2020
029/20	Eldreråd	31.08.2020
027/20	Ungdomsråd	26.08.2020
032/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2020

Forslag til detaljregulering med konsekvensutgreiing for Framo Flatøy AS – offentlig ettersyn og høyring
RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve til delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Industriområde Framo Flatøy, gnr.1, bnr. 57 mfl. Plan-id 1256 2018 0004, som vist på plankart sist datert 18.05.20 og med tilhøyrande føresegner datert 18.05.20».

Som føresetnad for det vidare planarbeidet må det fram mot 2. gongs handsaming av planforslaget bli sett nærare på følgjande forhold ved framlegget:

- Vurdering av avbøtande tiltak jf. tilhøyrande konsekvensutgreiing*
- Trafikkløysing: godkjenning av kryssløysing og avklaring av rekkefølgjekrav, tilkomst Oldervika jf. uttale*
- Gjennomgang og supplering av føresegner i tråd med saksframlegg*
- Vurdering av ferdsel, grønstruktur, kaianlegg, parkeringskrav jf. kommunedelplanens arealdel*

Utval for areal, plan og miljø 10.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 098/20 Vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve til delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Industriområde Framo Flatøy, gnr.1, bnr. 57 m.fl. Plan-id 1256 2018 0004, som vist på plankart sist datert 18.05.20 og med tilhøyrande føresegner datert 18.05.20».

Som føresetnad for det vidare planarbeidet må det fram mot 2. gongs handsaming av planforslaget bli sett nærare på følgjande forhold ved framlegget:

- Vurdering av avbøtande tiltak jf. tilhøyrande konsekvensutgreiing
- Trafikklysing: godkjenning av kryssløysing og avklaring av rekkefølgjekrav, tilkomst Oldervika jf. uttale
- Gjennomgang og supplering av føresegner i tråd med saksframlegg
- Vurdering av ferdsel, grønstruktur, kaianlegg, parkeringskrav jf. kommunedelplanens arealdel

Bakgrunn

På oppdrag frå Framo Flatøy AS legg Multiconsult fram forslag til reguleringsplan for industriområde på gnr. 1 bnr. 57 m.fl. på Flatøy. Planområdet er på om lag 147 daa og omfattar eksisterande industri sørvest på Flatøy som vist på kartutsnitt under. Området består i dag av trafikkareal, parkeringshus og overflateparkering, produksjonshaller og verkstadbygningar, lagerhaller og kontor- og administrasjonsbygningar samt noko utandørs lager. Heile arealet er i praksis bygd ut og disponeras i dag av Framo AS.



Raud ring syner planområdet



Flyfoto over industriområdet

På grunn av plassmangel har bedrifta måtte sei frå seg produksjon på Flatøy, til m.a. Hjertås eller til leigde areal. På bakgrunn av dette ønskjer bedrifta no å utvida bruksarealet for økt effektivitet.

Overordna planer og retningslinjer

I gjeldande kommunedelplan, (KDP Meland), vises området som noverande og framtidig næringsbebyggelse. Areala i sjø er sett av til grønstruktur (GR), framtidig ferdsel (FE) og bruk og vern av sjø og vassdrag. Deler av området ligg i gul støysone.


Kort om planforslaget

Planforslaget legg til rette for utviding av næringsområdet, hovudsakleg med fylling i sjø. Utvidinga skal gje plass til nye produksjons- og lagerbygningar og større utandørsareal som muleggjer betre internlogistikk og sikrere trafikale forhold. Det vert også regulert for ny og større eksportkai.

Planen legg til rette for at det kan etableras ca. 27 000 m² næringsareal for industri. Foreslått utnyttingsgrad for hovudområdet BN1 er sett til %BYA= 60%. Ved inngangen til området , BN2, er det planlagt nytt administrasjonsbygg med %BYA= 100%. Til saman er det planlagt at 6 bygningar skal rivast og 6 nye bygg skal førast opp. Den nye bygningsmassen er regulert med varierende byggehøgder (GH) for å plass til mellom anna kraner og manøvrering. Maksimal byggehøgde varierer frå kote +14 i til kote + 27, planeringhøgda for området er minimum ca. kote 3 m over havnivå.

Området planleggast stengt for gjennomkjøring til småbåthamna i Oldervika og tilgrensande bustadområde for betre interntrafikk. Ny tilkomst til Oldervika skal vere etablert før oppstart av utfylling i sjø.

Mot tilgrensande bustadområde langs nord-austre del av planområdet er det regulert ein vegetasjonsskjerm/buffer. Gudmundsholmen som ligg på vestsida av industriområde er sett av til friluftsområde (LNF).



Det er i samråd med kommunen utarbeida konsekvensutgreiing (KU) for utvalde tema på grunn av tiltakets karakter og vesentleg verknad for miljø og samfunn.

For utfyllande opplysningar om planområdet, skildring av planforslaget og konsekvensar/verknader av planframlegget vert det vist til forslagstillar si planskildring, vedlegg 1.

Planprosess og medverknad

Det vart gjennomført oppstartsmøte 05.10.2018. Planarbeidet vart varsla 14.05.2019. Det kom inn 7 private merknader og 9 offentlege uttaler til oppstart. Desse er oppsummert og kommentert av plankonsulent i merknadsskjema, sjå vedlegg 13.

Hovudtrekka i dei innkomne merknadane og uttalene gjekk ut på følgjande:

- Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særlig vekt på friluftsliv og landskapsverdiane i området, naturmangfald, klima og energi, kulturminne og samferdsel. Ber om utarbeiding av landskapsanalyse i samband med konsekvensutgreiinga for å syne fjernverknad av tiltaket.
- Statens vegvesen ber om at vegløyisingar knytt til offentlig veg må avklarast før offentlig ettersyn. Det må dokumenterast at planlagde tiltak er i tråd med vegnormal og at grunnforholda er gode nok.
- Fiskeridepartementet krev at konsekvensar for fiskeriinteresser og korallrev vert kartlagt, og avbøtande tiltak lagt fram.
- Fiskarlaget vest ønskjer føresegnar som beskyttar aktiviteten på kaste- og låssettingsplassar, samt tiltak for å hindre forureining i sjø.
- I private merknader er det ytra uro overfor tiltakets konsekvens for gyteplasser, strøymingar i Flatøyosen, sjørelatert aktivitet som padling/dykking, påverknad på Hjelten bustadområde, byggehøgder, tilkomst med større båtar til Flatøy Vest kai

mm.

Forslagstillar har gjennomført orienteringsmøter med naboar 29. april og 18. november i 2019. Undervegs møte med kommunen vart gjennomført 14.10.2019. Planforslaget var sendt inn til 1. gongs handsaming 06.03.2020.

Då innlevert forslag innebar at nytt kryss og ny tilkomstveg til Framo AS var regulert i den pågåande områdereguleringa for Midtmarka og Rotemyra, bad kommunen om at trafikklysinga vart innlemma i Framo AS si detaljregulering då det er uvisst kortid områdeplanen er klar for endeleg godkjenning. Nytt planframlegg med kryssløysing vart mottatt 29.04.19.

Utkastet til 1. gongs handsaming har undervegs vore sendt internt til utvalde fagområde for uttale. Dette er oppsummert i eigne underkappittel.

Vurdering


I dette kapittelet følgjer rådmannens kommentarar til sentrale problemstillingar i saka.

Rådmannen har ingen merknader til planprosessen så langt og vurderer at det mottatte planmaterialet innehar tilfredsstillande kvalitet. På grunn av revidert planmateriale med ny kryssløysing tilsendt seint i planprosessen for 1. gongs handsaming, kan det vere avvik mellom delar av planmateriale.

Overordna planar- hovudformål

Foreslått hovudformål næringsbygningar er i tråd med overordna plan: Kommunedelplan for Meland 2019. Kommunedelplan gjeld framføre eksisterande reguleringsplan Flatøy Vest, for dette området.

Planskildringa (vedlegg 1) omtaler 5 områder der planframlegget avviker frå kommunedelplan, gitt formålsgrenser i plankartet (sjå side 69). Det største avviket gjeld grøntområdet, som no er regulert til næringsformål. I konsekvensutgreiinga for KDP er det skrive at formålet med den regulerte grønstrukturen i nord er å etablere ein grøn korridor frå Flatøy og ut til Gudmundsholmen. Arealet skal tilplantast for å minske det visuelle uttrykket mot omgjevnadane. Grøntarealet skal vera offentleg tilgjengeleg frå Flatøy og frå sjøsida. Grunnen til at forslagstillar har gått vekk i frå dette, er fordi holmen ikkje vert tilgjengeleg frå land i planforslaget, samt at krav til sikringsgjerdje mellom grønstrukturen og næringsområdet vil redusere opplevinga av friområdet. Resterande avvik gjeld næringsformål der arealet er redusert i høve KDP.



Utsnitt frå KDP

Avvik frå KDP

I sør-vestre del av planområdet er det foreslått regulert eit større kaiområde. Dette er ikkje i strid med dagens bruk, men det er ikkje gitt føringar i KDP for etablering av ein større eksportkai i næringsarealet. Kaiområdet vert omtala i eige underkapittel.

Konsekvensutgreiingar

Til oppstartmøtet opplyste forslagstillar at nytt bruksareal for næring vil vere på om lag 14000-15000 m². Ved innlevering til 1. gongs handsaming syner nøkkelinformasjon at planframlegget legg opp til 31 daa nytt bruksareal for næring. Vi ønskjer tilbakemelding på kva verknader manglande vurdering etter §6 i forskrifta og manglande planprogram etter pbl 4-1 får for den vidare handsaminga av planen.

Forslag til detaljregulering for Framo Flatøy AS utløyer krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing § 6 for planer/tiltak nr. 24 i vedlegg I 2 «Næringsbygg (...) med eit bruksareal på meir enn 15 000 m²». Reguleringsplanar som omfattast av §6 skal alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram.

Vidare er det vurdert at planforslaget også omfattast av §8 *Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige verknader for miljø og samfunn*. Etter ei vurdering mot §10 bad kommunen om at følgjande tema vart utgreia:

- Kulturminner og kulturmiljø
- Landskapsbilde
- Friluftsliv / by- og bygdeliv
- Biologisk mangfald (naturmangfald og naturressursar)
- Forureining

Konsekvensutgreiingane ligg som vedlegg 4, 5 og 6.

Metode

Konsekvensutgreiing for kulturminner og kulturmiljø, landskapsbilde, friluftsliv / by- og bygdeliv

og biologisk mangfald er tufta på Statens vegvesen si handbok V712 *Konsekvensanalyser*. Temaet forureining er vurdert etter anna metode og vert kommentert i eige underkapittel.

Landskapsbilde

For tema landskapsbilete er det identifisert 7 delområder innanfor plan- og influensområdet, som vist i tabell under.

Lokalitet	Type	Verdi
1. Framo Flatøy industrianlegg	Industrianlegg	Uten betydning
2. Hjelten	Høydedrag med boliger	Middels verdi
3. E39 – Rosslandsvegen	Vegsystem	Noe verdi
4. Nordre Krossvika	Båter, naust og boliger	Middels verdi
5. Krossnessundet og Flatøyosen til Håøyna	Sund-/fjordandskap og fjell	Middels verdi
6. Fageråsen – Fosse	Grønn åsrygg med spredt boligbebyggelse	Middels verdi
7. Sunde småbåtmiljø	Småbåthavn og båtverksted	Noe verdi

I samanfatinga er det 2 delområder som særleg vert påverka av utvidinga av industriområdet. Nærverknaden tiltaket har på nærmiljøet på Hjelten og Nordre Krossvika er vurdert som betydeleg. Opningar som i dag gjer utsyn og orientering i landskapet, vert stengt og ny bygningsmasse med gesimshøgde på 19 m og utfylling i sjø vil dominere landskapsbilete.

Friluftsliv / by- og bygdeliv

Det er identifisert 7 lokaliteter som har verdi innanfor temaet, desse er vist i tabell under.

Lokalitet	Type	Verdi
Flatøyosen	Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag	Stor verdi
Håøyyna	Utfartsområde	Svært stor verdi
Midtmarka	Turområde	Middels verdi
Fageråsen	Nærturterreng	Middels verdi
Strandsone i og like ved planområdet	Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag	Noe verdi
GS-veg øst for planområdet	Ferdselsforbindelser	Middels verdi
Veg gjennom planområdet	Ferdselsforbindelser	Noe verdi

Det er ikkje forventa at utvidinga av Framo AS vil påverke den eksisterande bruken av området. Den negative konsekvensen er i hovudsak knytt til opplevelseskvaliteten for omkringliggjande friluftsområde, då spesielt med tanke på Flatøyosen og Håøyyna. Påverknaden skyldas i stor grad byggehøgda og omfanget på bygga.

Kulturarv

Det er identifisert 6 delområder der kulturminner blir direkte eller indirekte påverka av tiltaket. Desse er:

Nr.	Navn	Beskrivelse	Verdi
1	Delområde 1 Kulturmiljø – Flyhangar	Flyhangar fra 2. verdenskrig	Stor
2	Delområde 2 Kulturmiljø – Hjelten	SEFRAK-registrerte naust og boliger og kulturlandskap.	Noe
3	Delområde 3 Kulturmiljø – Flatøy kai	Kai, kaiskur og naust	Noe
4	Delområde 4 Kulturmiljø – Fosse	Automatisk fredet lokalitet fra steinalderen og SEFRAK-bygg	Middels
5	Delområde 5 Kulturmiljø – Litlebergen	Bygdemiljø med vernede bygg og SEFRAK-bygg	Stor
6	Delområde 6 Kulturmiljø - Håøy fort	Krigsminner	Stor

Det er 2 enkeltminner som tiltaket vil få følger for, flyhangaren og våningshuset på gnr. 1 bnr. 307. Flyhangaren vert eit frittstående bygg inne på industriområdet og påverknaden dermed noko forbetra enn dagens situasjon. Våningshuset er planlagt rive i samband med ny tilkomstveg til Oldervika. Konsekvensen for Flatøy kai er visuell, og opplevelseskvaliteten vert noko forringa gjennom tiltaket. For dei tre kulturmiljøa som ligg på andre sida av sundet er avstanden til planområdet så stor at det er vurdert at den visuelle verknaden vert ubetydelig.

Naturmangfald og naturressursar

I influensområdet er det for naturmangfald registrert to økologiske funksjonsområde ved Gudmundsholmen som har noko og middels verdi. Utanfor influensområdet, i Flatøyosen, er det registrert eit blautbotnsområde i strandsona med noko verdi, samt gyteområde for torsk, låssettingsplassar og fiskeplass med middels verdi. Det er ingen verneområde i tiltaks- eller influensområdet jf. naturmangfaldsloven.

Tabellen under syner oversikt over registrerte raudlisteartar i Flatøyosen.

Art	Område	Raudlistekategori	Kjelde
Praktærfugl	Flatøyosen	Ikkje aktuelt	Artskart
Svartbak	Flatøyosen	Ansvarsart	Artskart
Ærfugl	Flatøyosen	NT (nær truga)	Artskart
Sjøorre	Flatøyosen	VU (sårbar)	Artskart
Fiskemåke	Flatøyosen	NT (nær truga)	Artskart
<i>Fucus cottonii</i>	Gudmundsholmen	NT (nær truga)	Rådgivende Biologer AS

For naturmangfald er den største negative påverknaden frå tiltaket tilknytt arealbeslag på og auka aktivitet som følgje av utviding av industriområdet. Arealbeslag vil medføre noko negativ konsekvens for kvardagsnatur i tiltaksområdet. Auka aktivitet og støy på utvida industriområde vil kunne forringe det økologiske funksjonsområdet for sjøfugl og medføre noko negativ konsekvens. Økologisk funksjonsområde for tangarten *F. cottonii* blir ikkje påverka. Blautbotnsområde i Skitnedalsvika er utanfor influensområdet og tiltaket medfører ubetydeleg konsekvens.

Alle registrerte naturressursar ligg utanfor influensområdet og tiltaket er vurdert å medføre ubetydeleg konsekvens på desse.

Fagtema	Lokalitet	Verdi	Type påverknad	Påverknad	Konsekvens
Naturmangfald	1 Kvardagsnatur	Noko	Arealbeslag	Sterkt forringa	–
	2 Gudmundsholmen, sjøfugl	Noko	Støy	Forringa	–
	3 Gudmundsholmen, tangart	Middels	Ingen	Ubetyd. endring	0
	4 Skitnedalsvika	Noko	Ingen	Ubetyd. endring	0
	Samla				–
Naturressursar	A Hansaviki	Middels	Ingen	Ubetyd. endring	0
	B Marusviki	Middels	Ingen	Ubetyd. endring	0
	C Skitnedalsvika	Middels	Ingen	Ubetyd. endring	0
	D Søre Eidavika	Middels	Ingen	Ubetyd. endring	0
	E Flatøyosen	Middels	Ingen	Ubetyd. endring	0
	Samla				0

Samstilling og konklusjon

For begge KU-rapportane med tilhøyrande fagtema er den samla vurderinga av tiltaket at det vil føre til noko negativ konsekvens, sjå tabell:

Fagtema	Tiltaket
Landskapsbilete Friluftsliv/by- og bygdeliv	Betydelig miljøskade Noko miljøskade
Kulturarv	Noko miljøskade
Samla vurdering	Noko negativ konsekvens

Fagtema	Tiltaket
Naturmangfald	Noko negativ konsekvens
Naturressursar	Ubetydelig konsekvens
Samla vurdering	Noko negativ konsekvens

Den negative konsekvensen er i hovudsak knytt til tiltakets visuelle påverknad, med betydelig utfylling i sjø og ein bygningsmasse som er høgare enn dagens bygg.

Avbøtande tiltak

Det er i konsekvensutgreinga foreslått fleire avbøtande tiltak for å redusere negative konsekvensar av tiltaket, både i anleggsfasen og ved ferdigstilling. I planomtalen frå side 64 er desse lista opp, samt kommentert med grunngjeving om dei er imøtekomne i planframlegget eller ikkje.

Nokre av tiltaka er sikra i planframlegget, men fleirparten av desse er ikkje tatt med vidare i planforslaget og føresegnene. Dette gjeld mellom anna følgjande tiltak:

(i anleggsfasen)

- utføre anleggsarbeid utanom hekkesesongen
- utføre anleggsarbeid i sjø utanom gyteperioden til kysstorsk
- oppbevare anleggsmaskiner og anleggje deponi lengst unna sjøen
- etablere trygge løysingar for mjuke trafikantar i anleggsperioden

(i permanent fase)

- snevre inn utfyllingsområdet mot nærliggende øyer, alternativt sikre ein grøn forbindelse (plantefelt) mot Gudmundsholmen
- nedskalere utfyllingsarealet mot nord og sør
- lagerområde plasserast innandørs, eller bak bygg/beplantning vekk frå sjøsida
- nedtrappe byggehøgda mot sjø, evt. avdempe med vegetasjonsskjerm mot nord og sør
- i opningar som gir sikt frå bustader på Hjeltten til sjøen, bør det sikras et ryddig uttrykk
- redusere byggehøgda
- nytte material og farger på bygningane som glir godt inn i omgjevnadene

- nytte grønne tak på bygningane og vegetasjonsskjerm mot naustmiljøa

Til 2. gongs handsaming ber vi om at fleire av tiltaka vert vurdert på nytt og følgt opp i plan. Vi ber også om innspel frå instansane ved offentleg ettersyn om kva avbøtande tiltak som bør sikras, om det skal stillast andre krav og om konsekvensutgreiingane kan godkjennas slik dei ligg føre.

Forureining

I konsekvensutgreiing for forureining (vedlegg 6) er det vurdert kva potensiale det planlagde tiltaket har for forureining både i anleggsfasen og i driftsfasen ved Framo Flatøy AS. Utgreiinga er avgrensa til å gjelde utslepp til sjø og grunn.

Det er sett følgjande miljømål for tiltaket:

1. Anleggsfase ved utvidelse av industriområdet skal ikke føre til spredning av forurensning som kan være skadelig for miljøet i resipienten. Forurensning til resipienter og grunn, herunder partikkeltransport, spredning av plast, uhellsutslepp av olje og andre kjemikalier skal så langt som mulig unngås.
2. Driften av Framo Flatøy AS skal ikke forringe kvaliteten på vannmiljøet, eller medføre utslipp til sjø og grunn.

Miljømåla vurderas å vere ivaretatt dersom følgjande tiltak vert iverksett:

(i anleggsfasen)

- Skildring av forureiningsforholda i sediment, samt risiko- og tiltaksvurdering av planlagt utfylling, skal inngå i søknad til Fylkesmannen i Vestland om tillating til tiltak i sjø. Søknad til Fylkesmannen skal sendas inn i god tid før planlagt oppstart av anleggsarbeider. Utfylling kan ikkje startas før godkjenning ligg føre.
- Eksempel på tiltak for å forhindre spreining av forureining ved utfylling er bruk av siltgardin for å forhindre spreining av partiklar/suspendert stoff og bruk av lenser for å

samle opp plaststrenger og olje frå utfyllings-massar.

- Utarbeide eigen risiko- og tiltaksvurdering med tanke på ytre miljø for anleggsfasen ut frå korleis anleggsarbeidet skal utføres.
- Utarbeide ein beredskapsplan i anleggsfasen for å stanse og/eller avgrense akutte utslepp, inkludert mulighet til å fysisk stanse oljeutslepp til sjø.
- Kjemikalier skal lagras slik at det ikkje er fare for utslipp til grunn, vann eller sjø.

- Utarbeide miljøoppfølgingsplan for anleggsarbeider.
- Vurdere behov for miljøgeologiske grunnundersøking på land.
- Vurdere behov for overvåkingsprogrammer.
- Rivearbeid og avfallshandtering av byggavfall skal følgje relevante forskrifter og lover.

(i driftsfasen)

- Følgje krav gitt i utslippstillatelse fra Fylkesmannen i Vestland, sist revidert 28.01.19.
- Avklare om det er behov for å søke ny utslippstillatelse frå Fylkesmannen.
- Nye oljeutskillarar må prosjekteras slik at dei tilfredsstillar grenseverdier for utslipp gitt i tillatinga frå Fylkesmannen i Vestland.

- Plassering av utslippspunkt frå oljeutskiljarar nord for Gudmundsholmen bør vurderas nærare.

- Lagring av kjemikalier, olje og drivstoff skal skje på en slik måte uten at det er fare for utslipp til grunn og sjø.

Konklusjon

For driftsfasen av ferdig anlegg ved Framo Flatøy vurderas risiko for forureining av vatn og grunn som liten så lenge drifta følgjer utslippstillatinga gitt av Fylkesmannen i Vestland. Det må avklarast om det er behov for å søkje om ny tillating som følgjer av økt industriareal og iverksetje tiltak som omtalt i kap. 6.4.

Konsekvensar av forureining i driftsfase gitt planforslaget vurderas å være tilsvarende som dagens situasjon når det gjelder forureining til vatn og grunn.

Vi stiller spørsmål ved kvifor det i konsekvensanalysen ikkje er gjort greie for kvifor det ikkje er vurdert utslipp til luft og klimagassutslipp, som ein del av faktorane for forureining.

Vidare er dei nemnde tiltaka gitt for å oppnå gitte miljømål ikkje godt nok ivarettatt i planframlegget. Vi peikar spesielt på manglande føresenger som sikrar at miljøkrav fastsett i lover, forskrifter, retningslinjer og konsekvensutgreiing er ivarettatt i bygge- og anleggsfasen. Dette kan løysast ved å stille krav til utarbeiding av miljøoppfølgingsplan og beredskapsplan før igangsetting av tiltak. Plan for massehandtering, som er sikra i føresegnene, må omtale og vurdere bruk av sprengstein til utfyllinga i sjø.

Vi ber om innspel til konsekvensutgreiinga for forureining frå høyringsinstansane.

Straumvurdering

Multiconsult har gjennomført ei kvalitativ vurdering av kva konsekvensar utfylling i sjø kan ha på straumforhold og vassutskifting i Flatøyosen og Nordre Krossvika, i rapporten Vurdering av strømførhold datert 12.12.19, vedlegg 7.

Det er lagt til grunn for vurderinga at det skal fyllast massar i sør og nordvest for å etablere landareal. Sjølv som det ikkje skal fyllast heilt inntil Gudmundsholmen, vil opninga her bli så sterkt redusert at berekningane i analysane legg til grunn at denne vert stengt.


Oppsummert er det forventa at tiltaket vil påverke straumbildet og vassutskiftinga i Flatøyosen. Reduksjonen i totalt tverrsnittareal mellom Meland og Flatøy er på omkring 21%, om ein inkluderer Hagsundet er det omkring 3%. Dette er venta å føre til en økt vasstransport gjennom dei gjenståande sunda øst og vest for Flatøyosen. Dersom all auke i vasstransport skjer gjennom sunda vest for Flatøyosen er det berekna ein netto auke på maksimal strømsstyrke på omtrent 6–7 cm/s. For Nordre Krossvika kan det påreknast litt redusert strømsstyrke, men at god prosjektering av fyllingsfoten med optimal utforming av front kan vere med på å redusere uønskt konsekvens i straumforholda.

Det er lite belyst i rapporten kva dei endra straumforholda faktisk fører til. Det gjeld mellom anna påverknad på biologisk mangfald som gyteområdet for torsk. Foreslått avbøtande tiltak, særleg med tanke på Nordre Krossvika, er at utforming av fyllingsfot må vurderas nøye. Dette er ikkje følgt opp i føresegnene. Strømmodellforsøket Krossnesvika er datert 2014 og tek ikkje høgde for revidert fyllingsfot.

Rådmannen ber om innspel på metodebruk og vurderingar av straumforhold.

Miljøgeologiske sedimentundersøking i sjø

Datarapport utarbeida av Multiconsult, datert 09.12.19, vedlegg 8. Dei miljøgeologiske undersøkingane er basert på sedimentprøver og observasjonar av sjøbotn utført i 2013 og 2019. Totalt er det tatt 6 prøvar i det forventa utfyllingsområdet, 2 av desse i 2019.



Det er gjort funn av miljøgifter i tre av prøvane. Høgaste konsentrasjon vart på vist i pkt P3 som i dag ligger i eit området som er fylt ut. I P1 og P6 er påvist antracsen og TBT, samt pyren i P1 som ligg over fastlagt grenseverdi.

Ved tiltak i sjø, må det i søknad til Fylkesmannen opplysast om forureiningsforholda, samt utarbeidas ei risiko- og tiltaksvurdering.

ROS-analyse

Det er utarbeida ROS-analyse av Multiconsult AS, datert 12.12.19, vedlegg 9. Analysen er basert på Meland kommune sine akseptkriterier som ble vedtatt av kommunestyre i 2013. Metodikken er basert på Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sin rettleier «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging».

I gjennomgangen av moglege risikoforhold vart det avdekt 4 uønskete hendingar som er nærmare vurdert i egne analyseskjema. Desse er som følgjer:

Id nr.	Risiko- og sårbarhetsforhold	Uønsket hendelse
28	Ulykker ved anleggsgjennomføring	Trafikkulykker: • Se pkt. 21. 26 og 27
30	Fare for akutt forurensing	Forurensende masser blir fylt ut i sjø
44	Lang anleggsperiode	Lang anleggstid som medfører støv/støy og trafikale utfordringer for naboer
45	Anleggsvirksomhet i nærriområde	Konflikt mellom brukere av sjøområdene

Konklusjonen er at risikoen i plantiltaket for utviding av Framo Flatøy AS sitt industriområde vert vurdert som akseptable med den forutsetninga at føreslåtte tiltak i analysen vert implementert og etterlevd.

Ikkje alle av dei risikoreduserande tiltaka som er foreslått er implementert i planframlegget, det gjeld mellom anna:

- Etablering av anleggsrutine for støv i samsvar med krav i BHF (id nr. 44).
- utlegging ut sjølense med skjørt som fangar opp plastbitar frå massane som blir fylt i sjø (id nr. 30)
- Utarbeide rutinar for kjøring til og frå i anleggsperioden (id nr. 28)

Rådmanen stiller spørsmål ved kvifor tiltaka ikkje er følgt opp i føresegnene, det fører til at risikoen ved utvidinga ikkje lenger er akseptabel. Vi ber om at dette vert følgt opp til 2. gongs handsaming.

VA-rammeplan

Det er utarbeidd VA-rammeplan (vedlegg 10), datert 06.3.2020, som skal leggjast grunn for vidare detaljering og byggesakshandsaming. Denne vert vurdert til 2. gongs handsaming.

Uttale kultur

Kulturavdelinga stiller seg positiv til Gudmundsholmen ikkje er landfast, då det vil vere moglegheit for å padle/ro rundt holmen. Vidare støttar ein også argumenta for å omregulere den grøne korridoren på nordsida av industriområdet til nærings- og byggjeformål. Dei er også svært positive til vurderingane og omsynet gjort i høve flyhangaren inne på området.

I planframlegget er det foreslått i riva våningshuset på gnr 1 bnr 307 fordi det ikkje er i bruk som bustad. Dette våningshuset er ei leinstove som skal vera frå første del av 1900-talet. Slike stover var frå eit stykke ut på 1800-talet og framover den dominerande bustadtypen i vårt distrikt, men i dag er svært mange av desse bygningane er blitt rive eller er endra i svært stor grad. Dei leinstovene som står att bør ein i strekka seg langt for å ta vare på for framtida. At eit bygg med såpass høg kulturminneverdi som dette huset ikkje lenger er i bruk til opprinnleg formål er etter kulturavdelinga si vurdering ikkje eit tilstrekkeleg argument for å riva bygget. Ved å flytta vegen ned til nausta eit par meter vil den ikkje vera i konflikt med huset.



Våningshuset som er planlagt rive



Flyhangarinne på industriområdet

Avdeling for Kulturutvikling, idrett og frivillighet meiner at denne lemstova ikkje bør rivast, men takast vare på for framtida. Bygget, og eit lite område rundt huset, bør få omsynssone H570 i planforslaget. Rådmannen ber om at innspelet vert følgt opp i det vidare planarbeidet.

Uttale landbruk

Tiltaket påverkar ikkje landbruksinteressene på Flatøy, då arealet det gjeld er avsett til næringsformål i overordna plan. Når det gjeld utfylling i sjø og påverknad på naturmangfald, er det på noverande tidspunkt manglande kompetanse til å vurdere dette internt i avdelinga.

Trafikkforhold

Ny tilkomst til Framo var planlagt regulert i områdeplan for Midtmarka og Rotemyra då krysset inngår som ein del av det nye lokalvegssystemet på Flatøy. Etter tilråding frå kommunen er krysset no innlemma i planframlegget. Frå planomtalen skriv forslagstillar at krysset er tilpassa slik at det kan kombinerast med Midtmarka-planen og at geometrien heng 100 % saman med eksisterande reguleringsplan for kollektivterminal og innfartsparkering på Flatøy.

Kryss

I forhold til dagens situasjon, der avkjørsel til Framo er lokalisert like vest for kulverten som går under E39, er krysset no prosjektert lengre sør om lag der bussane snur i dag. Vidare har tilkomstvegen til Framo og Flatøyvegen parallelle løp skilt med grønstruktur før dei går kvar sin retning. Øvrige delar av hovudveganlegget er tilpassa tilgrensande plan, forutan gangveg o_SF3 som oppfattas som eit fortau tilrettelagt for mjuke trafikantar til/frå industriområdet. Om ein forlenger o_SF3, på anten nordre eller søre sida av o_SV6, fram til fortau SF2 ved inngangen til administrasjonsbygget, vil fortauet vere samanhengande fram til noverande

busshaldeplass og framtidig kollektivterminal. Dette forutsett at ein opparbeider også deler av o_SF4 og etablerer fotgjengarovergang.



Det er ikkje stilt rekkefølgekrav til opparbeiding av kryssløysinga og anna vegformål, truleg fordi Framo er avhengig av gjennomføring av tiltak i det overordna vegnettet. Dette gjeld i hovudsak flytting av dagens kollektivhaldeplass, som i dag nyttar store deler av vegarealet utanfor industriområdet som snuplass.

Det har ikkje lukkast å få dialog med vegveigar om vegløysinga før offentleg ettersyn. Det er derfor uvisst om det er avgjerande at kryssløysinga må på plass før anleggsperioden startar. Om kollektivterminalen på Flatøy ikkje er ferdig opparbeida før utfyllinga tar til, kan det vere naudsynt å finne ei midlertidig løysing for trafikkavvikling, særleg med tanke på mjuke trafikantar. Frå planomtalen er det estimert at ein vil få ei auke i trafikkmengda med om lag 180-200 ÅDT, eller ca. 90-100 lastebiler med henger kvar dag i ein periode på 3,5 år.

Vi ber om tilbakemelding frå vegmynde om kryssløysinga mot Flatøyvegen er tilfredsstillande med tanke på trafiksikkerheit, krav i Statens vegvesen sine handbøker og overlapp med eksisterande reguleringsplan. Tekniske vegteikningar er lagt veg som vedlegg nr 15, 16 og 17. Vi ber også om tilbakemelding på om dagens løysing er tilfredsstillande i anleggsperioden.

Tilkomst og interne vegar

Hovudtilkomsten til industriområdet, SV2, er tilnærma lik slik den ligg i terrenget dag slik. Då det ikkje er lagt ved vegteikningar for heile strekket, legg vi til grunn at vegen ikkje krev

ytterlegare terrenginngrep, som skjering ol. Interne vegar er ikkje avklart i planforslaget, og i planomtalen påpeikar ein at desse skal detaljeras i samband med endelig plassering av bygga. Til 2. gongs handsaming må det vere stilt krav i føresegnene til at interne veg- og gangaksar skal illustreras i samband med rammesøknad, som ein del av utomhusplan.

Tilkomst til Oldervika

Veg til småbåthamna i Oldervika, f_SV1 planleggast som fellesveg. Dette er ei forlenging av privat veg via Hjelten. Veggen skal eiges og drives av eigarar av småbåthamna. Det er lagt inn rekkefølgekav som sikrar ferdigstilling av den før oppstart med utfylling i sjø. Vegens plassering er nærare kommentert i uttalen frå kultur.

Til 2. gongs handsaming må skjering i samband med omlagt veg til Oldervika kommenteras.

Ny eksportkai

Det vert foreslått ny kai fordi dagens kai ikkje er tilfredsstillande i høve utskipping av ferdige produkt. Eksportkaien er ein relativt stor konstruksjon planlagt med ei lengde på 120 m, som er om lag ei 100% auke i forhold til eksisterande kaianlegg. Tiltaket er ikkje vurdert i konsekvensutgreiinga, og i planomtalen er det ikkje beskrive kva type skip som kan legge til og eventuelle endringar i hyppigheten på lasting/lossing.



Illustrasjon av industriområdet sett frå sør

Vi etterspør kva verknad eksportkaien får for ferdsel elles i området. I merknadsskjemaet etter planoppstart skriv forslagstillar i kommentar til uttalen frå Flatøy bryggjelag at det er usikkert om dei største båtane kan manøvrere på ein hensiktsmessig måte inn til bryggjelaget sin kai

(Flatøy vest) etter gjennomføring av reguleringsplan.

Vi gjer merksam på at det ikkje kan tillatast tiltak som er til ulempe for området avsett til ferdsel jf. føresegn 3.3.1 i kommuneplanens arealdel. Det må til 2. gongs handsaming kome tydelig fram om tiltaket hindrar ferdsel til Flatøy Vest, og det må vurderast om nedskalering av eksportkai/utfylling i sjø kan imøtekomme dette.

Føresegner

For å tydeleggjere kva som er rammene for det som kan byggjast, foreslår vi at det vert tatt inn føresegner jf. pbl § 12-7 nr. 12 som gjeld dokumentasjonskrav i høve byggesakshandsaming. Saman med søknad om rammeløyve må det leggjast ved utomhusplan. Denne må m.a. syne materialbruk, plantefelt, vegestasjonsskjerm, grønne tak, gjerde, bom, utforming av opne areal, interne veg- og gangaksar, utforming av skjering, lagringsplass, avfallshandtering mm.

Det må i føresegnene også kome fram kva krav det vert stilt til innhaldet i Plan for massehandtering, tekniske detaljplaner for veg, miljøoppfølgingsplan og beredskapsplan.

Rekkefølgjekrav

Det må i rekkefølgjekrava differensierast på kva som må vere sikra før det vert gitt rammeløyve, før det vert gitt igangsettingsløyve og før bruksløyve. I føresegnene no er det kun rekkefølgjekrav om tiltak som må vere på plass før det vert gjeve løyve om igangsetting av utfylling i sjø.

Det må gjerast ei grundig vurdering av rekkefølgjekrava. Det vil vere aktuelt med fleire krav for å imøtekomme anbefalingar frå ROS-analysen, konsekvensutgreiingar, sikre opparbeiding av trafikkløysingar mm. Endeleg omfang må avklarast til 2. gongs handsaming.

Byggehøgder, utnyttingsgrad og estetikk

Den nye bygningsmassen har ein byggehøgde på omlag 16 meter, legg ein gesimshøgda til grunn er dei 19-20 meter høge, med unntak av det nye administrasjonsbygget som får ein gesimshøgde på 27 meter (byggehøgde er høgde over bakken, gesimshøgde er høgde over havet). Utnyttingsgraden på hovudområdet er sett til %BYA = 60 %, altså vil bygningsmassen

sitt fotavtrykk dekke 60% av området. Det nye administrasjonsbygget har %BYA = 100 %.

I siste revisjon av plankartet (18.05.19) er administrasjonsbygget i BN2 regulert med gesimshøgde på 27 m. Planeringshøgda er om lag 7 m i dag, som gir det nye bygget ei høgde på 20 m eller ca. 7-8 etasjar. Byggets inngangsfasade vert godt synleg frå mellom anna E39. Ei god arkitektonisk utforming på administrasjonsbygget vil vere positivt lokalt, men og for kommunen då Flatøy er å rekna som inngangsporten til Alver frå sør.



Utsikt frå E39, administrasjonsbygget illustrert med 6 etasjar

Det er i liten grad tatt estetiske omsyn i reguleringsplan, i føresegnene er dei estetiske krava tildels generelle og romslege. Tiltakshavar grunnjev dette med at industriområder har sin eigenart og skala, og kan vanskelig tilpassas til omkringliggjande busetnad eller skjulas.

Den nye planen legg til rette for at det kan oppførast nye bygg langs heile sjøkanten, framføre dagens bygningsmasse. Vi meiner dette gir anledning til å endre eigenarten som tiltakshavar viser til. Ved å setje tydelegare krav til utforminga av fasaden som vender seg mot sjøsida, vil ein dempe områdetets karakter og gje nybygga eit felles uttrykk. Kontrasten mellom trehusbusetnaden i bakkant og industriområdet i forkant, kan utjamnast om materialet i næringsbygga ikkje berre består av betong og metall, men nyttar naturlege material som tre og stein. I tillegg vil dette vere i tråd med anbefalingar gitt i konsekvensutgreiinga for landskap.

Rådmannen ber om at det til 2. gongs handsaming vert regulert konkrete fargeval og material i føresegnene for å dempe den sida av fasaden som er synleg frå Flatøyosen og Nordre Krossnesvika.

Omsyn til naboar og tilgrensande areal

Utbyggingsmassen sitt volum og byggehøgder er grunngeve med tilrettelegging for kraner og rom for manøvrering og lagring. Rådmannen ser behovet for modernisering av næringsområdet og støtter at ein legg til rette for dette. Samstundes er det desse tiltaka som i størst grad påverkar nærmiljøet. Frå Hjelten vil dei nye bygga føre til at ein ikkje lenger ser sjøen, og naustmiljøa på nord- og sørsida får industriområdet tett på.



Deler av industriområdet sett frå Hjelten



Illustrasjon frå Flatøy kai

Det er i illustrasjonsplanen (vedlegg 14) og i planomtalen skissert 6 nye bygg, men plankartet opnar for eit mykje større omfang enn det som er illustrert. Det vil sei at takflatene sett frå Hjelten kan dekkje større delar av industriområdet enn det som skissert i planframlegget sine illustrasjonar. Muligheit for etablering av grønne tak som avbøtande tiltak har blitt diskutert i møte med kommunen, men det kjem fram av planforslaget at tiltakshavar vurderer at den visuelle fordelene ikkje veg opp for meirkostnaden dette vil medføre.

Det er tilrådeleg med samsvar mellom illustrasjonsplan og plankart, sjølv om illustrasjonsplanen ikkje er bindande jf. føresegnene. Det vil gje føreseielegheit for partane som tiltaket vedkjem.

Rådmannen rår tiltakshavar til å sjå på muligheita for å variere arkitekturen, ved å skalere byggehøgden og ved nedtrapping av bygga mot sjøsida. Vi ber også om ei vurdering av avbøtande tiltak på takflater som ikkje er tiltenkt solcellepanel, som grønne tak.

Grønstruktur

I KDP er det for næringsområda sagt at *det skal setjast av areal til vegetasjonsskjerm (buffer) mot tilgrensande område eller område med innsyn til næringsområdet. Internt i næringsområda skal det setjast av ein grønstruktur som viser noko av dei opphavlege terrengformasjonane. Grønstruktur og skjerming mot andre arealføremål skal fastsetjast i reguleringsplan og vere min. 5 % av tomtearealet.*

Det er i planen avsett 4197 m² til vegetasjonsskjerm. Bufferen er regulert mot tilgrensande bustadområde i nord og utgjør ca. 6% av areal avsett til næring. Dette er delvis i tråd med KDP, då det her også er stilt krav til grønstruktur internt i området. Vidare kan ein diskutere kva som vert rekna som tomteareal, då planområdet regulerer sjøareal og infrastruktur som inngår i det totale arealet på 153 daa.



Dagens situasjon, utan grønstruktur internt på området

Det er positivt at deler av terrenget mot Hjelten vert bevart, vi meiner likevel at det er ein mangel ved planforlaget at det ikkje er regulert grøne strukturar internt i området. Dette kan ikkje gjerast ved å ta vare på opphavleg terrenget, då utvidinga vert gjort ved utfylling i sjø. Men snarare ved å imøtekomme avbøtande tiltak opplista i konsekvensutgreiingane som grøne tak, vegetasjonsskjermer mot naustmiljø og beplantning for å skjule lagringsplass. Dette vil òg vere positivt internt for næringsområdet, med tanke på utsikta frå administrasjonsbygget og arbeidsmiljøet elles.

Universell utforming

I føresegnene er det tatt inn at 10 % av parkeringsplassane (pp) i SPP1 skal vere utforma og reservert for rørslehemma. Dette tilsvarar 2,5 pp. Totalt i planområdet er det regulert for om lag 328 pp. I KPD skal det pr. 50m² kontorareal setjast av 0.5 plasser til sykkelparkering og 5% av parkeringsplassane for bil skal vere tilpassa rørslehemma. Det er derimot ikkje oppgitt i areal kva som utgjør kontor/administrasjon- formål, det er derfor ikkje mogleg setje eit nøyaktig krav til parkering. Rådmannen ber derfor om at det til 2. gongs handsaming kjem fram om parkeringskrava til bil, sykkel og rørslehemma er oppfylt. Parkeringsdekning må òg sikrast i

føresegnene.

Planområdet er elles flatt og brukarvennleg, gangareal er merka intern inne på området. I planskildringa er det oppgitt at det er gode stigningsforhold frå parkeringsplass og busshaldeplassen inn i området.

Jf. KDP er det for framtidige næringsområde sett krav om at det skal leggjast til rette for gang- og sykkeltransport, og tilkomst til/frå kollektivhaldeplass. Dette er delvis gjort, men det er ikkje regulert ein samanhengande gang og sykkelveg inn til området som nemnt under vurdering av trafikkløysing. Dette må sjåast på til 2. gongs handsaming.

Under fellesføresegner for området bør det stillast krav til at utrykkingskjøretøy har tilfredsstillande tilkomst til alle bygg.

Renovasjon

Som følge av at lokalvegen bak industriområdet vert sanert, lyt bossbilen som i dag bruker vegen til gjennomkjøring, endre si rute. Dei må nytte eksisterande tilkomst via Hjelten til bosshenting i bustadområdet, og derav nytte same veg tilbake. Vi ber om tilbakemelding frå NGIR på om denne løysinga er tilfredsstillande med tanke på snumoglegheiter i området.

Barn og unge

Planen legg opp til at Flatøyvegen som er gjennomkjøringsveg til Hjelten, vert stengt. Born frå dette bustadområdet kan i dag bruke denne eller vegen over Hjelten bru for å komme til busshaldeplassen på Flatøy. Det er liten skilnad i lengda på vegane, og det er tilrådeleg at ein stengjer industriområdet for mjuke trafikantar.

Folkehelse

Planframlegget har ingen direkte påverknad på folkehelsa då det ikkje er lagt opp til endringar som evt. fremjar denne.

Økonomi

Vegen o_SV6 som er tilkomst til naustområde og Flatøy kai, er saman med sidearealet o_SVG5 regulert til offentleg formål. Vegen er i dag i privat eige, men når byggetrinn 2 i reguleringsplan for Flatøy kollektivterminal og innfartsparkering er ferdig utbygd, vert o_SV6 tilkomst for fleire eigedomar. Kommunen må pårekna at vegen med sideareal vert kommunal på sikt.

Resterande vegformål i planområdet som har offentleg prefiks legg ein til grunn at er/vert eigd av Statens vegvesen/Vestland fylkeskommune.

Planframstilling

Det må påreknast justering av planforslaget til 2. gongs handsaming, som følgje av saksframlegget og innkomne merknader og uttaler til offentleg ettersyn og høyring.

Konklusjon

Planmaterialet har nokre manglar. Vi har likevel valt å leggje planforslaget ut til offentleg ettersyn fordi det er viktig å få rask planavklaring, spesielt med tanke på tilhøyrande konsekvensutgreiing og trafikklysing. Det vert lagt til grunn at planforslaget gir tilstrekkeleg grunnlag for naboar og høyringsinstansar til å uttale seg til planforslaget.

Vi sluttar oss i utgangspunktet til hovudformålet og hovudgrepet i planforslaget. Vi har likevel nokon merknadar, desse er belyst i saksframlegget.

Dette er førebelse vurderingar til det innleverte planframlegget. Endelig tilbakemelding vert lagt fram til 2. gongs handsaming.

Vedlegg i saken:

27.05.2020	1_Planomtale	1397162
27.05.2020	2_Føresegner	1397163
27.05.2020	3_Plankart	1397164
27.05.2020	4_KU Landskap,kultur og friluftsliv	1397165
27.05.2020	5_KU Biologisk mangfold	1397166
27.05.2020	6_KU Forurensing	1397167
27.05.2020	7_Strømvurdering	1397168
27.05.2020	8_Miljøgeologiske undersøkelser	1397169
27.05.2020	9_Risiko og sårbarhetsanalyse	1397170
27.05.2020	10_VA-rammeplan	1397171
27.05.2020	11_Uttale kultur	1397172
27.05.2020	12_Uttale landbruk	1397173
27.05.2020	13_Merknadskjema fra planoppstart	1397174
27.05.2020	14_Illustrasjonsplan	1397175
27.05.2020	15_Tilkomstveg Framo C001	1397176
27.05.2020	16_Tilkomstveg øst C002	1397177
27.05.2020	17_Vegtegning SV1 og SV2	1397178
27.05.2020	18_Snitt datert 30.1.2020	1397179
28.05.2020	19_merknader_til_oppstart_samla	1398230

Arkiv: FE-241
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 19.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
026/20	Eldreråd	31.08.2020
033/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2020
031/20	Utval for helse og omsorg	01.09.2020

Val av representantar til Legat- og testamentstyre ved Meland sjukeheim Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Representantar til legat- og testamentstyre ved Meland sjukeheim vert:

Frå eldrerådet:
Medlem:
Varamedlem:

Frå RMNF:
Medlem:
Varamedlem:

Frå utval for helse og omsorg:
Medlem:
Medlem:
Varamedlem:
Varamedlem:

Politisk handsaming

Det vert vald ein representant med vara av og frå eldrerådet, ein representant med vara av og frå RMNF og to representantar med to vara av og frå utval for helse og omsorg.

Bakgrunn

Legat- og testamentstyret vart oppretta av Meland kommunestyre 28.10.92. Opprettinga vart gjort for å sikre forvaltning av testamenterte gåver og legatmidlar.

I utval for levekår sak 108/11 vart samansetting for styret med 4 faste medlemmar endra, og var for perioden 2011-2015 slik:

Medlem: 2 representantar frå politisk utval (ULK) og 2 representantar frå Eldreråd/råd for menneske med nedsett funksjonsevne (Fellesråd). Likeins var det val av tilsvarande tal varamedlemmar.

Leiar for Legat- og testamentstyret vert å avklare når styret vert konsituert. Arbeidsområde for Legat og testamentstyret er forvaltning av midlar i tråd med retningslinjer/føremål for dei einskilde legat og testament. Generelt er legat og testamentmidlane sine føremål retta mot ulike velferdstiltak for brukarar/pasientar innan omsorgstenesta.

Vedlegg i saken:

28.05.2020

Meland eldreråd - testament for Malvin Hylland

1398145

Arkiv:

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato:

03.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
034/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2020
027/20	Eldreråd	31.08.2020
	Ungdomsråd	
030/20	Utval for helse og omsorg	01.09.2020
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Utvida mandat - alternative plasseringar av omsorgsbustader pluss, Skarsvegen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek å gje utvida mandat til å greie ut alternative tomter til Skarsvegen 29. Alternativ skal utgreiast etter same kriteria som låg til grunn for det opprinneleg tomtevalet, men utvidast til å omfatte områda rundt Manger, Frekhaug, Lindås og Knarvik.»

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Det vart i Formannskapet i Lindås kommune 18.02.2016 samrøystes vedteke prosjektmandat for utarbeiding av byggjeprogram for bufellesskap (saksnr 013/16, arkivsak 16/466). Gjennom Bustadsosial handlingsplan 2017-2021 vedteke i KO 21.juni 2017 er det lagt fram behov om etablering av sju omsorgsbustader pluss. Brukargruppa er funksjonshemma med behov for ekstra skjerming. Ein av bustadene skal vere ein avlastningsbustad/akuttbustad. Lokaliseringa av nytt bufellesskap vart forankra gjennom same handlingsplan, og i førebuande møter for prosjektet vart det arbeidd fram ulike kriteria for val av tomt. Kriteria er utforma av ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar for personell frå habiliteringstenestene, bustadkontor, drift og vedlikehald:

- God avstand til naboar
- God avstand til trafikkert veg
- God avstand frå butikk/senter
- Lite støy/uro
- Mogelegheiter for uteaktivitetar/hage tilpassa ulike brukarar
- Plass til parkering for 8-10 bilar (gjestar/tilsette)
- Bør liggje i 10-15 min radius frå sentra i kommunen
- Bør vere ei romsleg tomt
- Eit lite småbruk kan gje dei premissane vi ser etter

Statens vegvesen planlegg ny E39 gjennom Alver kommune. Dette gjev konsekvensar for eit framtidig bufellesskap i Skarvegen 29

Vurdering

Prosjektet med nytt bufellesskap vart påbegynt i Lindås kommune og overført inn i nye Alver kommune. Det er fram til no arbeida med Skarsvegen 29 i Alversund som tomt for plassering av bufellesskapet. Tomta, som er eit lite småbruk, innfrir alle kriteria som arbeidsgrupper har lagt til grunn og vart kjøpt av Lindås kommune i 2017 med tanke på dette prosjektet. Tomta vart så regulert til offentleg tenesteyting i den nye kommunedelplanen for Knarvik – Alversund, vedtatt oktober 2019. Det føreligg eit endeleg byggeprogram for prosjektet og ei anskaffing av moglegheitsstudie som ikkje er publisert.

Statens vegvesen (SVV) planlegg ny trasé for E39 gjennom Knarvik og vidare nordover mot Eikefet. Vegprosjektet har starta planarbeidet for vegen og utgreier no ulike korridorar for vegtrasear. I konsekvensutgreiinga av vegsystemet er det teke med ein arm mot Alversund. Medan dette arbeidet pågår har SVV innført bandleggingssoner for dei delar av kommunen som er under utgreiing for dei ulike traseane. Dette legg føringar for plan- og utbyggingsprosessar fram til traseen er avklart. Dette har stor påverknad i prosjektet, då det planlagde bufellesskapet i Skarsvegen blir råka av bandlegginga. Det vil ikkje vere mogeleg å starte reguleringsplanarbeid så lenge bandlegginga gjeld. Bandlegginga har ført til stor usikkerheit rundt prosjektet. Usikkerheitene er både knytt til framdrifta og om tomta for bufellesskap vert unyttbar dersom SVV vel å byggje ut armen mot Alversund og ny Alversund bru. Dette avheng av om SVV planlegg dagsone eller tunnel i dette området. Behov for denne typen omsorgsbustader er stort i tidlegare Lindås kommune. Behovet er framleis stort også når ein ser på behovet for heile Alver kommune. Det vil være av stor viktigheit for kommunen å få på plass eit slikt tilbod.

Prosjektet bed om utvida mandat for å sjå på alternative tomter for nytt bufellesskap. Det vil bli lagt til grunn dei same kriteria for val av tomt som tidlegare, men lokaliseringa vert utvida til også å gjelde områda rundt Frekhaug, Manger og Lindås i tillegg til Knarvik.

Saksopplysninger:

For meir detaljar knytt til bakgrunn for prosjektet, kriteria og val av opprinneleg tomt, sjå vedlegga Bustadsosial handlingsplan 2017-2021, Lindås kommune og byggeprogram for omsorgsbustader pluss.

Vedlegg i saken:

03.06.2020	BustadsosialHandlingsplan_2017-2021_OPPSLAG	1399490
03.06.2020	Byggeprogram omsorgsbustad pluss - bufellesskap (L)(326658)	1399491
03.06.2020	Saksframlegg - Byggeprogram bufellesskap - vedlegg - 250118	1399492

Arkiv: FE-033
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 24.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
035/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2020

Meldingar og orienteringar til RMNF - 31.08.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i RMNF

Bakgrunn

Saksopplysninger:

Orienteringar:

1. Status karonasituasjonen v/Leni Dale-kommunalsjef
2. Medverknadsprosjektet for kommuneplanen sin Samfunnsdel v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef
3. Informasjon om Fylkessamlinga for dei kommunale råda i Vestland – fredag 04.september og fredag 02.oktober v/Nora Gjerde-konsulent